



AURLAND KOMMUNE  
Kommunestyret

# MØTEPROTOKOLL

**Møtedato:** 25.04.2019

**Møtetid:**

Kl. 17:00 - 21:05

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Saksnr.:**

021/19-029/19

## Følgjande medlem møtte

	<b>Parti</b>
Anita Lærum	A
Leiv Jarle Bergheim	A
Per Are Flåm	A
Stian Eriksen Bjørnestad	A
Bjarne Petterson	H
Johannes Dalsbotten	H
Jonas Ure Hylland	H
Monica Finden	H
Noralv Distad	H
Anders Fretheim	MDG
Monica Gjesdal Larsen	MDG
Bengt Erlend Skjerdal	SP
Marianne Holme	SP
Sturle Ryum	SP
Terje Horvei	V

## Forfall meldt frå følgjande medl.

	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>	<b>Parti</b>
Bjørn Ebne	H	Kjetil Lien Nilsen	H
David Underdal	SP	Olav J. Ellingsen	SP

## Andre:

Hilde Magnusson frå Forum Nye Bergensbanen, Kaare Songstad og Arne Johannessen frå politiet under orienteringar.

<b>Møteleiar:</b>	Noralv Distad
<b>Frå adm. møtte:</b>	Margunn Tolleshaug, Steinar Søggaard
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	
<b>Synfaring:</b>	

## Merknader:

Ingen merknader til innkalling og sakliste. Sak om val av representant til styret i Aurland Energiverk AS vart oppretta og sett på dagsorden i møtet, sak 029/19.

Kulturinnslag v/ Aurland musikk- og kulturskule, song ved Emina Hindriks. Lærarar er John Erik Rode og Suzan Erens.

Ordføreren overrekte blomster til Sandra Helland for heltemodig innsats i samband med brannen i Gudvangatunnelen 30.03.2019, og takka samstundes Aurland brannvern v/ Reinhardt Sørensen for innsatsen, og ba han formidle vidare ut til alt innsatspersonale.

### **Orienteringar**

Forum Nye Bergensbanen v/ Hilde Magnusson.

Politireform i vest - status v/ politimester Kaare Songstad og Vest politidistrikt mot 2025 v/ politiinspektør Arne Johannessen. Presentasjonane er arkivert i kommunen sitt sak/arkivsystem, journalpostID 19/3490.

Underskrifter:

---

# Saksliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Gradering</b>
021/19	Godkjenning av møteprotokoll	
022/19	Spørjetime	
023/19	Referatsaker	
024/19	Open post	
025/19	Klage på vedtak KS-sak 95/18 - detaljreguleringsplan Myrdal stasjon	
026/19	Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Aurland kommune	
027/19	Endring av selskapsavtalen med SIMAS IKS	
028/19	Trafikk- og parkeringsløysingar i Aurland kommune	
029/19	Aurland Energiverk AS - val av representant til styret	

## **021/19: Godkjenning av møteprotokoll**

Ingen merknader til møteprotokoll

### **25.04.2019 Kommunestyret Tilleggsforslag:**

#### **Handsaming i møte:**

#### **KS- 021/19 Vedtak:**

Ingen merknader til møteprotokoll

## **022/19: Spørjetime**

### **25.04.2019 Kommunestyret Tilleggsforslag:**

#### **Handsaming i møte:**

Ingen innkomne spørsmål

#### **KS- 022/19 Vedtak:**

## **023/19: Referatsaker**

Ingen merknader til referatsaker

### **25.04.2019 Kommunestyret Tilleggsforslag:**

#### **Handsaming i møte:**

**Referatsak ettersendt på e-post og sett på dagsorden i møtet:**

**Oppdatert investeringsrapport per 23.04.2019.** Dokumentet er arkivert i kommunen sitt sak/arkivsystem journalpostID 19/3472.

**Nye referatsaker utdelt og sett på sakskartet i møtet**

**Referat frå møte mellom ordførarane i ÅLA-kommunane 5. april 2019 i Lærdal, 09.00-09.45.** Dokumentet er arkivert i kommunen sitt sak/arkivsystem, journalpostID 19/3450. Kommunestyret sluttar seg til vidare arbeid.

**Brannskada toalett i Flåm,** to dokument. Dokumenta er arkivert i kommunen sitt sak/arkivsystem, journalpostID 19/3775 og 19/3468.

#### **KS- 023/19 Vedtak:**

Ingen merknader til referatsaker

## 024/19: Open post

25.04.2019 Kommunestyret  
Tilleggsforslag:

Handsaming i møte:

KS- 024/19 Vedtak:  
OPEN POST

### Spørsmål frå Jonas Ure Hylland:

Kva er status for stillinga pedagogisk rådgjevar? I budsjett for 2019 vart det sett av midlar til 50%stilling.

### Svar frå rådmannen:

Det er krav om rådgjevar med pedagogisk kompetanse, og vi har mellombels ordning på plass som fungerer godt innanfor rammene som er gitt. Det jobbes med organisatoriske tilpasningar, stillinga vert ikkje lyst ut eksternt. Men oppgåva vert per no løyst tilfredsstillande.

## SPØRSMÅL

### Spørsmål frå Anders Fretheim:

#### Droner og tryggleik

Turistsesongen og dronene er bokstaveleg talt snart over oss. Droner er no snart allemannseige og regelverket har her, som med mykje anna, problem med å hengja med i utviklinga. Sjølv om mange har høyrte om reglar for dronebruken er den typiske brukaren hjå oss ein utanlandsk turist. Dei er ute etter gode bilete og i den grad dei kjenner til reglar kjem dei lengre nede på lista.

Det er trøgt om plassen her mellom våre høge fjell og djupe dalar og avtandane vert fort for små.

Vil nett få referera Luftfartstilsynets 5 hovedreglar om droneleik:

Luftfartstilsynet sine fem hovedregler om droneleik.

1. Du skal alltid kunne se dronen, kun fly i dagslys og fly den på en hensynsfull måte. Aldri fly i nærheten av ulykkessteder.
2. Ikke fly nærmere enn 5 km fra lufthavner med mindre annet er avtalt.
3. Ikke fly høyere enn 120 meter over bakken.
4. Ikke fly over festivaler, militære områder eller sportsarrangementer. Hold en avstand på 150 meter.
5. Ta hensyn til andres privatliv. Husk reglene for bruk av foto og video av andre personer.

Forutan at det er ein veldig invasjon i privatlivets fred, noko som er gale nok, går det og på tryggleiksomsyn. Dronene kan falla ned og dei kan kollidera med andre flygande legeme så som fly og helikopter.

Me har både fly og helikopter. I vinter vart ein internasjonal flyplass stengt etter mistanke om dronebruk ved flyplassen, så dette er høgste alvor.

Har Aurland Kommune tankar kring dette med dronebruk - regelverk, sanksjonar og evt konsekvensar kring dette. Reint retorisk kan ein spørja om me vil ha ambulanshelikopter eller droner.

### Svar frå ordførar:

Brannvesenet i Aurland fekk i sommar erfara problemet på eiga hand.

Skogbrannhelikopteret som var på oppdrag for slokking av skogbrann i Kvamsbergi oppdaga heldigvis ei drone som hang berre 10 meter over helikopteret i det det skulle letta

frå Ohnstad.

Det er og kome reaksjonar på bruk av droner rundt cruiseskip og folk som ferdast i Flåm. Bruk av droner er eit nytt område som luftfartsmyndigheitene fortløpande regulerer i tråd med utviklinga. Endringar i luftfartslova er under arbeid, og det ligg føre ei høyring i samferdselsdepartementet for innføring av nye EU-reglar for ubemanna luftfartøy.

Utan førarkort for drone gjeld grensa på 150 meter til alt av menneske uavhengig av tal, samt bygningar og trafikk på vegar, i lufta og i vatnet. Ytterlegare reguleringar i høve bruk av droner i politivedtekter er lite nytta i kommune-Noreg, men kan vurderast i samband med utarbeiding av nye politivedtekter i Aurland kommune.

Mynde til å handheve brot på regelverket ligg til politiet.

Ordførar vil elles oppmoda om at droner vert brukt med varsemd og fornuft, slik at det ikkje er til fare elles sjenanse.

## **025/19: Klage på vedtak KS-sak 95/18 - detaljreguleringsplan Myrdal stasjon**

### **Tilråding frå rådmannen:**

Kommunestyret finn at det ikkje er kome nye opplysningar i klagen frå advokat Linn Hinkel Østensjø. som gjev grunnlag for å endre kommunestyret sitt vedtak i sak 98/18. Detaljreguleringsplan for Myrdal stasjon.

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 jf § 1-9 blir klagen sendt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for endeleg avgjerd

Klagen får ikkje utsetjande verknad for reguleringsvedtaket til kommunestyret (forvaltingslova § 42) fordi forholda det er klaga på, ikkje påverkar byggeområde på ein slik måte at igangsetjing av tiltak innanfor planområdet må stansast.

## **08.04.2019 Plan og utvikling**

### **Tilleggsforslag:**

#### **Handsaming i møte:**

#### **Røysting**

Tilråding frå rådmannen: samrøystes

### **PUT- 017/19 Vedtak:**

Kommunestyret finn at det ikkje er kome nye opplysningar i klagen frå advokat Linn Hinkel Østensjø. som gjev grunnlag for å endre kommunestyret sitt vedtak i sak 98/18. Detaljreguleringsplan for Myrdal stasjon.

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 jf § 1-9 blir klagen sendt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for endeleg avgjerd

Klagen får ikkje utsetjande verknad for reguleringsvedtaket til kommunestyret (forvaltingslova § 42) fordi forholda det er klaga på, ikkje påverkar byggeområde på ein slik måte at igangsetjing av tiltak innanfor planområdet må stansast.  
Samrøystes

## **25.04.2019 Kommunestyret**

## **Tilleggsforslag:**

### **Handsaming i møte:**

#### **Røysting**

Framlegg frå Plan og utvikling: samrøystes

### **KS- 025/19 Vedtak:**

Kommunestyret finn at det ikkje er kome nye opplysningar i klagen frå advokat Linn Hinkel Østensjø. som gjev grunnlag for å endre kommunestyret sitt vedtak i sak 98/18. Detaljreguleringsplan for Myrdal stasjon.

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 jf § 1-9 blir klagen sendt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for endeleg avgjerd

Klagen får ikkje utsetjande verknad for reguleringsvedtaket til kommunestyret (forvaltingslova § 42) fordi forholda det er klaga på, ikkje påverkar byggjeområde på ein slik måte at igangsetjing av tiltak innanfor planområdet må stansast. Samrøystes

## **026/19: Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Aurland kommune**

### **Tilråding frå rådmannen:**

1. Kommuneplannemnda tek arbeidet med friluftslivskartlegginga til orientering.
2. Bruk av friluftslivskartlegginga som informasjonsgrunnlag skal innarbeidast i kommunen sine interne saksbehandlingsrutinar. Då kartlegginga er reint fagleg vurdert, utan avveging mot andre arealinteresser, skal ei slik avveging òg takast gjennom kommunen si planlegging og enkeltsakshandsaming.
3. For saker som kjem inn på områder med verdi for friluftslivet skal det gjerast greie for korleis interessene vil bli berørt og korleis dette er vurdert og prioritert ved val av løysingar.
4. Friluftslivskartlegginga skal haldast oppdatert etterkvart, og skal reviderast i forbindelse med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og leggest til grunn for utforming av planar.

## **11.04.2019 Kommuneplannemnda**

### **Tilleggsforslag:**

### **Handsaming i møte:**

#### **Røysting**

Tilråding frå rådmannen: samrøystes

### **KPLN- 004/19 Vedtak:**

1. Kommuneplannemnda tek arbeidet med friluftslivskartlegginga til orientering.
2. Bruk av friluftslivskartlegginga som informasjonsgrunnlag skal innarbeidast i kommunen sine interne saksbehandlingsrutinar. Då kartlegginga er reint fagleg

vurdert, utan avveging mot andre arealinteresser, skal ei slik avveging òg takast gjennom kommunen si planlegging og enkeltsakshandsaming.

3. For saker som kjem inn på områder med verdi for friluftslivet skal det gjerast greie for korleis interessene vil bli berørt og korleis dette er vurdert og prioritert ved val av løysingar.

4. Friluftslivskartlegginga skal haldast oppdatert etterkvart, og skal reviderast i forbindelse med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og leggast til grunn for utforming av planar.

Samrøystes

#### **25.04.2019 Kommunestyret**

##### **Tilleggsforslag:**

##### **Framlegg frå Sturle Ryum**

Saka vert utsett og sendt tilbake til kommuneplannemnda for vurdering.

##### **Endringsframlegg frå Noralv Distad:**

2. Bruk av friluftsområde og avveging mot andre interesser skal vurderast i kommunen sitt planarbeid

#### **Handsaming i møte:**

##### **Røysting**

Det vart først røysta over utsettingsframlegget.

Utsettingsframlegg frå Sturle Ryum: 10 røyster mot, 7 røyster for

Punktvis røsting, punkt 1, 3 og 4. Alternativ røsting mellom framlegg frå kommuneplannemnda og framlegg frå Noralv Distad punkt 2.

Framlegg frå kommuneplannemnda:

Punkt 1: samrøystes

Punkt 3: 17 røyster mot

Punkt 4: 13 røyster mot, 4 røyster for

Punkt 2:

Framlegg frå kommuneplannemnda: 1 røyst for

Framlegg frå Noralv Distad: 16 røyster for

#### **KS- 026/19 Vedtak:**

1. Kommunestyret tek arbeidet med friluftslivskartlegginga til orientering.

2. Bruk av friluftsområde og avveging mot andre interesser skal vurderast i kommunen sitt planarbeid.

#### **027/19: Endring av selskapsavtalen med SIMAS IKS**

##### **Tilråding frå rådmannen:**

Aurland kommune sluttar seg til framlegget til ny ordlyd i §9 i selskapsavtalen for SIMAS IKS slik det går fram av vedtak i sak 17/18 i representantskapet til SIMAS IKS.



### **11.04.2019 Formannskapet**

#### **Tilleggsforslag:**

##### **Framlegg frå Noralv Distad:**

Kommunestyret held fast på vedtak i sak 098/18.

#### **Handsaming i møte:**

##### **Røysting**

Det vart røysta alternativt mellom tilråding frå rådmannen og framlegg frå Noralv Distad.

Tilråding frå rådmannen: 3 røyster for

Framlegg frå Noralv Distad: 2 røyster for

#### **FS- 023/19 Vedtak:**

Aurland kommune sluttar seg til framlegget til ny ordlyd i §9 i selskapsavtalen for SIMAS IKS slik det går fram av vedtak i sak 17/18 i representantskapet til SIMAS IKS.

### **25.04.2019 Kommunestyret**

#### **Tilleggsforslag:**

##### **Framlegg frå Johannes Dalsbotten**

Kommunestyret held fast på vedtak i sak 098/18

#### **Handsaming i møte:**

##### **Røysting**

Framlegg frå formannskapet: 7 røyster for

Framlegg frå Johannes Dalsbotten: 10 røyster for

#### **KS- 027/19 Vedtak:**

Kommunestyret held fast på vedtak i sak 098/18

### **028/19: Trafikk- og parkeringsløysingar i Aurland kommune**

#### **Tilråding frå sakskomiteen:**

1. Føringer i vedlagt dokument blir lagt til grunn i det vidare arbeidet.
2. Aurland kommune opprettar prosjekt «Aurland trafikk og parkering» som omtalt i prosjektmandatet i vedlagt dokument.
3. Styringsgruppa for prosjektet vert samansett slik:
  - Leiar (prosjektansvarleg)
  - Nestleiar
  - MedlemRådmannen peikar ut to representantar frå administrasjonen som medlemmar i styringsgruppa.
4. Prosjektet blir finansiert av konsesjonsavgiftsfondet jfr. pkt. 7 i reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet, ansvar 900, funksjon 32510 med kr. 400.000 for 2019 og kr. 700 000 for 2020.
5. Behovet for investeringar blir vurdert i samband med handsaminga av

## **25.04.2019 Kommunestyret**

### **Tilleggsforslag:**

#### **Framlegg frå Jonas Ure Hylland**

Folkevalde medlem til styringsgruppa for prosjektet vert samansett identisk som noverande sakskomite:

1. Leiv Jarle Bergheim – leiar. Vara, Stian Eriksen Bjørnstad
2. Monica Finden – nestleiar. Vara, Bjarne Petterson
3. Bengt Erlend Skjerdal – vara, Marianne Holme
4. Monica Gjesdal Larsen – vara, Anders Fretheim
5. Terje Horvei – vara, Per Are Flåm

### **Handsaming i møte:**

#### **Røysting**

Punktvis røsting, punkt 1, 2, 4 og 5:

Tilråding frå sakskomite: punkt 1, 2, 4 og 5: samrøystes

Punkt 3:

Framlegg frå Jonas Ure Hylland: samrøystes

### **KS- 028/19 Vedtak:**

1. Føringer i vedlagt dokument blir lagt til grunn i det vidare arbeidet.
2. Aurland kommune opprettar prosjekt «Aurland trafikk og parkering» som omtalt i prosjektmandatet i vedlagt dokument.
3. Styringsgruppa for prosjektet vert samansett slik:  
Leiar (prosjektansvarleg) Leiv Jarle Bergheim. Vara Stian Eriksen Bjørnstad  
Nestleiar Monica Finden. Vara Bjarne Petterson  
Medlem Bengt Erlend Skjerdal. Vara Marianne Holme  
Medlem Monica Gjesdal Larsen. Vara Anders Fretheim  
Medlem Terje Horvei . Vara Per Are Flåm  
Rådmannen peikar ut to representantar frå administrasjonen som medlemmar i styringsgruppa.
4. Prosjektet blir finansiert av konsesjonsavgiftsfondet jfr. pkt. 7 i reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet, ansvar 900, funksjon 32510 med kr. 400.000 for 2019 og kr. 700 000 for 2020.
5. Behovet for investeringar blir vurdert i samband med handsaminga av økonomiplan 2020 – 2023.

## **029/19: Aurland Energiverk AS - val av representant til styret**

### **Framlegg frå Noralv Distad**

Johannes Dalsbotten vert attvald som styreleiar

Leiv Jarle Bergheim vert attvald som nestleiar

Ingrid Steine Borne vert attvald som varamedlem

## **25.04.2019 Kommunestyret**

### **Tilleggsforslag:**

### **Handsaming i møte:**

## **Røysting**

Framlegg frå Noralv Distad: samrøystes

### **KS- 029/19 Vedtak:**

Kommunestyre innstiller:

Johannes Dalsbotten - styreleiar

Leiv Jarle Bergheim - nestleiar

Ingrid Steine Borne - som varamedlem

Samrøystes